

Øystre Slidre kommune

2940 Heggnes

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 200400403	Dok.nr.: 172
Arkivkode: 416.9	Dato: 11.11.04
Avd.: SAP	Saksbeh.: ELH
U.off.:	

Sak nr. 0094/04

HØYRINGSUTTALE TIL NOU 2004:13 - SAMORDNING AV AETAT, TRYGDEETATENS OG SOSIALETATENS OPPGÅVER

Ark.:

Arkivsaksnr.: 04/01278

Styre / råd / utval

Møtedato

Saknr.

Formannskapet

04.11.2004

0094/04

Saksbehandler: Kari Opheim

Utskrift til: Sosialdepartementet ✓

Vedlegg: Uttale frå KS OPPLAND

Bakgrunn for saka

Høyringsutale til NOU 2004:3: Ein ny arbeids- og velferdsforvaltning – Om samordning av Aetat, trygdekontorets og sosialetatens (SATS) oppgaver.

15 august 2003 sette regjeringen ned eit utvalg som skulle sjå på ulike organisasjonsmodeller for samordning av Aetat, trygdeetaten og sosialtjenesten. Utvalget la fram sin utredning 29.06.04. Regjeringen tek sikte på å legge fram en melding basert på Pensjonskommisjonens rapport, NOU 2004:1 Modifisert folketrygd – bærekraftig pensjon for framtida, for Stortinget slik at den kan behandles i vårsesjonen 2005.

Saksopplysningar

Syner til KS-Oppland sin uttale med understreking av enkelte områder.

Generelle merknader

For å nå målet med ein framtidsretta velferdspolitikkk må ein møte innbyggerenes krav til behov og rettigheter og gi tjenestetilbud utan at dette svekker muligheter for helhetlig prioriteringer på tvers av sektorer, brukergrupper og fellesskap.

For å ivareta brukernes behov er det nødvendig med vidare samordning av aetat, trygdeetat og dei kommunale sosialtjenester, her økonomisk sosialhjelp.

Rattsøutvalgets innstilling:

- løyser ikkje det grunnleggende problem med 3 etater som behandler same kundemasse. "Kasteballproblematikken" for brukerne, som var utgangspunktet for reformarbeidet er ikkje løyst.

- tilfredsstill ikkje ein helhetlig teneste, samordning, særleg i fyrstelinja. Kommunen bør vera sentral her.
- bidrar ikkje til å iverksette arbeidslinja på ein effektiv måte.

Utvalet har i sin innstilling beskrive og drøfta 4 mulige organisasjonsmodellar:

- 1. Statlig arbeidslinje.
 - Ein statlig etat for tenester og ytelser knytta til arbeid/eller redusert arbeidsevne.
 - Ein statlig etat for pensjoner, familieytelser og helsefusjoner.
- 2. Kommunal arbeidslinje.
 - Kommunene overtar ansvaret for tenester knytta til arbeid og /eller redusert arbeidsevne.
 - Ein statlig etat for pensjoner, familieytelser og helserefusjoner.
- 3. Statlig enetatsmodell.
 - En statsetat som ivaretek dei samla oppgåvene vedr. arbeid og pensjon.
- 4. Kommunemodell. -Kommunen får det samla ansvar for arbeid og pensjon.

Vurdering

For og ivareta brukerenes behov både tiltaksmessig og økonomisk meiner Øystre Slidre kommune at full sammenslåing av Aetat, trygdeetat og økonomisk sosialhjelp til ein statlig etat vil gi den beste løysinga både for brukerne og for å sikre ein helhetlig og sammenhengende velferdsforvaltning (modell 3).

Sjølv om dette vil bli ein stor og tung etat sett frå utvalget si side, vil dette oppleves som ein overkommelig og hensiktsmessig enhet med ein kommune som ståstad.

Samla organisering vil gi større mulighet for lokalisering i dei fleste kommuner og gi større fleksibilitet.

I den enkelte kommune vil ein trolig sjå på ein helhetlig etat som nødvendig for å få tilstrekkelig bredde i kompetanse og som å kunne gjennomføre tverrfaglig samhandling.

Med ein felles etat er det fult mulig å dele oppgåvene i 2 avdelinger sentralt.

Grensedragningen utvalget trekker mellom arbeid- og inntektsetaten og pensjonsetaten kan gjelde med det avvik at økonomisk sosialhjelp og ansvaret for midlertidig husvære da må integreres i ein arbeids- og inntektsavdeling. Alternativt kan Øystre Slidre gå inn for modell 1 med 2 statlige etater under forutsetning av at økonomisk sosialhjelp blir ein del av etaten arbeid og inntekt. Det er viktig som utvalget sjøl har pekt på og begrunna med å sjå alle arbeidsrelaterte tenester og ytelser i sammenheng. Dette vil bli vanskeligere å gjennomføre dersom økonomisk sosialhjelp ikkje integreres.

Kort oppsummering.

- Aetat, trygdeetat og økonomisk sosialhjelp samles i ein ny statsetat med ein avdeling for arbeid og inntekt og ein avdeling for pensjoner. Alternativt kan pensjonsdelen med de oppgåver utvalget anbefaler skilles ut som eigen etat.
- Det anbefales sterkt at økonomisk sosialhjelp blir ein del av arbeids- og inntektsavdelingen
- Det vert tilrådd ei felles fyrstelinje med klare ansvarsforhold og med hovedvekt på arbeid.

- Framtidig arbeids- og velferdsforvaltning vil bli avgjort med utgangspunkt i utvalgets tilrådinger. Det er viktig at det nå blir foretatt omorganiseringer som er retta mot framtidens behov og som gir rom for nødvendige justeringer.

Rådmannen rår formannskapet å gje slik innstilling:

For og ivareta brukerens behov, både tiltaksmessig og økonomisk meiner Øystre Slidre kommune at full sammenslåing av Aetat, trygdeetat og økonomisk sosialhjelp til ein statlig enetatsmodell, modell 3, vil gi den beste løysinga både for brukarane og for å sikre ein helhetlig og sammenhengande velferdsforvaltning.

Behandling i Formannskapet

Håkon Johs. Skarstad la fram følgjande forslag:


Kommunen slutter seg til modell 2 – kommunal arbeidslinje – og vil rå til at denne vert vald.

Forslaget frå Håkon Johs. Skarstad vart sett opp mot innstillinga, forslaget vart vedteke med 3 mot 2 røyster.

VEDTAK:

Øystre Slidre kommune slutter seg til modell 2 – kommunal arbeidslinje – og vil rå til at denne vert vald.

Rett møtebok:



Øystre Slidre kommune
AG Solberg

